



Eli Britt Raunehaug  
Kjedalen 7  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3706 - 14/13419

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
09.09.2014

## Førespurnad om opplysningar tilknytt bruken av gbnr. 10/142 i Meland kommune

Meland kommune si byggjesaksavdeling er gjort merksam på at det skal vere satt i verk byggjetiltak på gbnr. 10/142 – oppføring av garasje – utan at kommunen kan sjå å ha motteke søknad eller godkjent eit slikt tiltak etter Plan- og bygningsloven (pbl.).

Alle byggjetiltak er avhengig av godkjent søknad om byggjeløyve etter pbl. § 20-1, med mindre tiltaket er omfatta av unntaksføresegnene i pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Dersom opplysningane kommunen har motteke er riktige er den aktuelle garasjen av ein slik storleik at ingen av desse unntaksføresegnene er aktuelle. Tiltaket er i så fall avhengig av søknad og byggjeløyve.

Søknadspliktige tiltak må i utgangspunktet omsøkjast, prosjekterast og utførast av eit kvalifisert føretak i samsvar med pbl. § 20-1 andre ledd, med mindre vilkåra for at tiltakshavar sjølv kan søke er til stades, jf. pbl. § 20-2. Sistnemnde vilkår er ofte oppfylt ved oppføring av garasjar, idet Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 3-1 bokstav a slår fast at tiltakshavar sjølv kan søke om løyve til oppføring av «*enkelt frittliggende bygning som ikke skal brukes til beboelse, og hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebygd areal (BYA) er over 70 m<sup>2</sup>*». (Bygningen kan i så fall oppførast med inntil ein etasje og kan i tillegg vere underbygd med kjellar.)

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje tatt stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr. 10/142, og ber difor i denne omgang om dykkar tilbakemelding på om det i det heile tatt er utført slike tiltak på eigedommen som skildra over. Om byggjetiltak heilt eller delvis er utført, ber administrasjonen i tillegg om ei nærmare utgreiing om arbeida som er utførte, med mindre det vert sendt inn ein søknad om byggjeløyve.

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven har kommunen ei plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Frist for tilbakemelding – alternativt innsending av søknad om byggjeløyve – vert sett til 24.9.2014.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*